



KVINNHERAD
K O M M U N E

Sektor samsfunnsutvikling - avdeling næring

Eirin Rørheim Kjærland
Døsslandssido 185

5463 Uskedalen

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Karen Løvfall Våge	958 24 275	2021/24-29		24.11.2021

Velkomen som eigar av landbrukseigedom - gnr/bnr 124/9 - Eirin Rørheim Kjærland - Uskedalen

Landbrukskontoret i Kvinnherad har registrert at du har overteke gardsbruk i kommunen.

Utifrå opplysningar i NIBIO Gardskart har gnr./bnr. 124/9 til saman følgjande areal: 34 daa fulldyrka jord, 53 daa innmarksbeite og 61 daa produktiv skog, inkludert anna areal, totalt 162 daa på eigedomen.
<https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/4617/124/9/0>

Du overtok garden den 15.09.21. Etter føringane om buplikt skal du busetja deg på bruket innan 1 år etter overtaking. Etter det vi kjenner til bur du allereie der.

Landbrukskontoret har som oppgåve å førebu saker etter jordlov, skoglov, odelslov og konsesjonslov. Ei rekkje planleggings- og tilsynsoppgåver knytt til landbruket vert utført her, og vi forvaltar ulike statlege tilskotsordningar. Det vert for omfattande å koma med eit fullstendig oversyn over kva vi kan hjelpa dykk med i eit skriv.

Som ny eigar har du kanskje fleire spørsmål. Du er difor velkomen til å ta kontakt for ein prat dersom du ønskjer det, og for eit besøk på landbrukskontoret.

Vi anbefalar å følgje med på «Landbruket i Kvinnherad» på Facebook. Her kan du sjå kva aktivitetar som rører seg i landbruket. Meld deg gjerne inn i den lukka gruppa «Bønder i Kvinnherad» for å få kontakt med folk med direkte tilknytning til landbruksdrift i Kvinnherad.

Vi vil ynskja lukke til vidare som eigar av landbrukseigedom.

Meir informasjon om landbruket finn du på www.landbruksdirektoratet.no . Nyttig informasjon for nye bønder finn du også på www.bondeboka.no

Med helsing

Karen Løvfall Våge
Landbrukskonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.